



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Pressemelding

Dato: 10. juni 2013

2,4 millionar kroner til Lokal samfunnsutvikling i Buskerud

Buskerud fylkeskommune sitt mål er å styrke kommunane sitt arbeid med samfunnsutvikling for å stabilisere og auke folketalet i åtte distriktskommunar i fylket.

Kommunal- og regionaldepartementet tildeler 30 nye millionar kroner til fylkeskommunane for at dei skal halde fram med å vidareutvikle si samhandling med kommunane.

- Mitt inntrykk er at mange kommunar no arbeider aktivt med å utvikle attraktive lokalsamfunn ved at dei samarbeider med fylkeskommunen om kompetanse og kapasitet, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Buskerud fylkeskommune skal i samarbeid med kommunane:

- Vidareutvikle satsinga "Velkomen til oss" innan dei tre fokusområda : Eigna bustadtilbod, systematisering av arbeidet med å ta imot tilflyttarar, samarbeid og dialog med næringsliv om utviklinga i kommunane.
- Utvikle strategi, kompetanseheving og organisere nettverk for å styrke kommunane sitt arbeid med by- og stadutvikling.
- Gjennomføre prosessleiaropplæring for kommunane for å styrke kommunane sitt arbeid med lokal samfunnsutvikling.
- Utvikle partnarshaps-samarbeid med regionråda for å få til meir samordna og effektiv ressursbruk.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00